



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 15. desember 2018

Midsund kommune

## **SPØRSMÅL OM BRUK AV NATURMANGFALDLOVA – RÆSTADHAGEN HYTTEFELT**

I samband med reguleringsarbeidet for Kjempeteigen hyttefelt har vi oppdaga at det har gått føre seg eit reguleringsarbeid også på Ræstadhagen hyttefelt. Felles for baa desse områda er at dei er plassert i eit område som moglegvis er å rekne for kystlynghei. Vi har difor prøvd å finne ut om dette arealet er vurdert av biolog. Vi har funne ut at den biologen som sist dreiv kartlegging, og då spesielt med tanke på kystlynghei, ikkje har vurdert dette arealet.

Kystlynghei med verdi A eller B er ein utvald naturtype som naturmangfaldlova har eigne paragrafar om. Areal som skal omdisponerast på nokon måte skal dessutan ha ei vurdering etter naturmangfaldlova kap. 2 for mellom anna å klarlegge om areal kan vere kystlynghei med verdi A eller B, eventuelt noko anna.

Vår vurdering basert på flybilete av området, er at arealet kan vere kystlynghei. Når det opplysast i saka at delar av arealet, kan hende heile, har blitt beita den seinare tida, og arealet kan vere på over 100 dekar, så vil arealet i utgangspunkt oppnå verdi B, om det først er kystlynghei. Vi gjer merksam på at det i vurderinga her er nokre reservasjonar, samtidig som vurderinga er gjort av kartleggar som har arbeidd med kystlynghei.

Vi ber no om:

1. Dokumenta som viser kva opplysningar om naturmangfaldet ein har lagt til grunn i handsaminga av reguleringssaka for Ræstadhagen hyttefelt.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

2. Dokumenta som syner vurderingane som er gjort etter kap. 2 i naturmangfaldlova.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar i Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal